



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Barn sin medverknad

Children's participation

Kandidatnummer: 19

Solgunn Juklestad

Innleveringsdato: 05.01.19

Rettleiar: Hilde Alme

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Innholdsliste:

1. Innleiing.....	s. 2
1.1 Avgrensing av problemstillinga.....	s. 3
1.2 Omgrepsavklaring.....	s. 3
2. Teori.....	s. 3
2.1 Syn på barn.....	s. 3
2.2 Medverknad.....	s. 4
2.3 Vaksenrolla.....	s. 4
2.4 Samtalar og samspel i måltidssituasjonar.....	s. 6
2.5 Måltidssituasjon.....	s. 6
3. Metode.....	s. 7
3.1 Kvalitativ intervjuundersøking.....	s. 7
3.2 Utval.....	s. 8
3.3 Etske betraktningar.....	s. 8
3.4 Korleis blei intervju utført?.....	s. 8
3.5 Transkripsjon.....	s. 8
4. Resultat.....	s. 9
4.1 Praktisk informasjon.....	s. 9
4.2 Måltidet.....	s. 10
4.3 Medverknad.....	s. 10
5. Drøfting.....	s. 12
5.1 Praktisk informasjon.....	s. 12
5.2 Måltidet.....	s. 13
5.3 Medverknad.....	s. 14
6. Avslutning med konklusjon.....	s. 18
Vedlegg 1 Samtykkeskjema.....	s. 21
Vedlegg 2 Intervjuguide.....	s. 22

1. Innleiing

I oppgåva mi har eg valt å fordjupe meg i barna sin medverknad ved måltidssituasjonar. Problemstillinga mi er: Korleis jobbar dei vaksne med barna sin medverknad i måltidssituasjonar i barnehagen? Alle barnehagar har lover og retningslinjer som dei skal følgje. Medverknad er eit omgrep som er nemnt både i barnehagelova og rammeplan for barnehagen, og som står sterkt i barnehagesamanheng. Omgrepet medverknad har sitt opphav frå menneskeretts konvensjonen og FN sin barnekonvensjon. Denne konvensjonen har Norge forplikta seg til å følgje. Det er spesielt artiklane 12 (retten til å bli høyrte), 13 (ytringsfridom), og 14 (tankefridom) som er sentrale i barn sin rett til medverknad (Bae, 2013, s.13). I 2005 då barnehagelova blei revidert kom det ei ny avgjersle som skulle vere gjeldande frå 1. januar 2006. Denne avgjersla er formulert slik i barnehagelova: «3§ *Barns rett til medvirkning. Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal daglig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet*» (Barnehagelova, 2005, s.7). I den nye rammeplanen som kom hausten 2017 har medverknad fått sitt eige kapittel (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27). Her står det blant anna at barnehagane må vere beviste på at barn har svært ulike uttrykksformer og at ein legg til rette for at barn får medverke på måtar som er tilpassa barna sin alder, erfaringar, dei individuelle føresetnadane og behova til barna. Kunnskapsdepartementet har også gitt ut eit eige temahefte om *Barns medvirkning* (Bae, Eide, Winger & Kristoffersen, 2006).

Måltidssituasjonar i barnehagen er det mange av i løpet av eit barnehageår. Også dette er nemnt i rammeplanen. Der står det blant anna under fagområdet Kropp, rørsle, mat og helse at «*gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse*» (KD, 2017, s. 48-49).

Det er og utarbeid retningslinjer frå helsemyndighetene som skal vere eit hjelpemiddel rundt mat og måltid i barnehagen (Helsedirektoratet, 2007).

Målet mitt med oppgåva er å finne ut korleis dei vaksne i barnehagen jobbar med barn sin medverknad ved måltidssituasjonar. Vidare er det viktig for meg å få meir innsikt og erfaring rundt medverknad som er lovpålagt i rammene for barnehagen. Dette er eit tema som eg tykkjer kan vere litt komplisert, men samtidig veldig viktig. Eg har valt å intervju tre informantar som alle er pedagogiske leiarar til å besvare problemstillinga.

1.1 Avgrensing av problemstillinga

I måltidssituasjonen er det som sagt barna sin medverknad som er hovudfokus. Ernæring spelar ei stor rolle for folkehelsa, men eg har valt å ikkje gå nærare inn på dette. Vidare avgrensar eg aldersgruppa på barn til å gjelde 3-5 åringer.

1.2 Omgrepsavklaring

Medverknad: I det daglege blir det å medverke brukt i forskjellige samanhengar. I den norske synonymordboka kjem det opp mange ord under medverknad: Assistere, delta, bidra, hjelpe, ha ein finger med, spele ei rolle. Alle desse orda er knytt opp mot det å delta i ein eller anna variant, utan at ein har det fulle ansvaret. Om ein ser på sjølv ordet medverknad, kan ein dele det, å sjå på første stavelsen *med* som kan bety at det er noko ein gjer saman med andre eller i eit fellesskap. Bae skriv i *temaheftet om barns medvirkning* at «*ved å legge vekt på virkningsaspektet kan begrepet forståes som å gjøre noe samen som fører til noe; at man er med på påvirke at noe skjer, kjenne at egen deltakelse bidrar til endring*» (Bae, 2006, s. 8).

Måltidssituasjon: Det som kjenneteiknar måltidssituasjonar i barnehagen er ikkje einsarta. Sjølv maten og ernæringa er eit aspekt ved måltidssituasjon. Vidare vil kanskje det sosiale, samtalane og samspel vere viktig for måltidssituasjonen. Det er det sistnemnte eg vil ha hovudfokus på i denne oppgåva. Aasen og Wilhelmsen skriv at «*barnehagen bør legge til rette for at voksne deltar aktivt i måltidene og spiser i lag med barna. Det bidrar til kunnskap om maten barna spiser, om ernæringsmessige sider ved måltidet og om måltidets betydning som sosial og kulturell arena i barnehagehverdagen*» (Aasen & Wilhelmsen, 2017, s.26). Måltida gir gode rammer for samspel og dialog og då blir dei tilsette i barnehagen sentrale rollemodellar.

2. Teori

I første del av teorikapittelet vil eg sjå på bakgrunnen for § 3 i barnehagelova om barns rett til medverknad, deretter tek eg for meg medverknad på generell basis og kva rammer ein har å forhalde seg til. Vidare vil eg gå inn på vaksenrolla og betydninga den har for barna sin medverknad. Til slutt vil eg sjå på samtalar og samspel og sjølv måltidssituasjonen.

2.1 Syn på barn

I 2005 kom den nye paragraf §3 i barnehagelova om barns medverknad. Her var det ny kunnskap om barn sine liv og utvikling som låg til grunn. Barn blei ikkje lenger sett på som «*mangelfulle på vei mot en mer fullendt moden tilværelse: de er fullverdige individer med krav på respekt helt fra tidlig i livet*» (Bae, 2013, s. 18). I dag ser ein på barn som kompetente. Bae (2006, s. 13) skriv i temahefte at i dag blir barn sett på som

deltakande subjekt som igjen krev at den vaksne lyttar til barnet. Moser viser til barnehagelova og §1.

Formål, der det står at barna skal møtast med tillit, respekt og anerkjennelse i barnehagen. Han skriv vidare at Barnehagelova har eit subjektivt syn på barn. Det blir og understreka at barndommen har eigenverdi, der alle barn er aktørar i sin eigen kvardag (Moser, 2010, s. 92-95).

I følgje Bjerke skal vaksne vise barna at dei er kompetente deltakarar i kvardagen. Ved å ta barna på alvor, respektere dei og gi dei ei stemme. Slik får dei medverke (Bjerke, 2010, s 190-192). Det er viktig at barna får i større grad velje og utrykke sine eigne meiningar og ein ser på barna som unike vesen med spesielle behov som dei vaksne skal ta omsyn til (Bjerke, 2008, s.2).

2.2 Medverknad

Medverknad i barnehagen handlar om at barn får moglegheit til å påverke sin eigen kvardag i barnehagen. Det kan handle om å bli spurd, bli lytta til og anerkjend (Bjerke, 2008, s.1). Fennefoss og Jansen henviser til Bae og understreker at medverknad ikkje er eit fagleg forankra omgrep. Difor kan det tolkast på mange forskjellige måtar. Rammeplanen konkretiserer likevel medverknadsomgrepet ved å vise til at barn må få oppleve tilknytning, fellesskap, og støtte til å kunne leve seg inn i andre sin situasjon og ta omsyn til andre. Det blir og nemnt at barnehagane må gi rom for at barn har ulike perspektiv og at ein må vise respekt for deira intensjonar og deira opplevingar. Barna i barnehagen skal oppmuntrast til å gi uttrykk for sine meiningar og tankar og dei skal møtast med anerkjennelse for sine uttrykk. Rammeplanen viser at våre haldningar og væremåtar for korleis vi skal samhandle, korleis vi skal lytte og respektere kvarandre er sentrale (Fennefoss & Jansen, 2013, s. 124).

Å jobbe med omgrepet medverknad i barnehagen inneber refleksjon og kritisk drøfting av praksisen ein har i barnehagekvardagen. Det er ingen snarveggar eller enkle grep. Ein må rette fokuset mot korleis forholdet er mellom vaksne og barn, og korleis dette blir oppfatta og regulert i dei ulike situasjonane i kvar enkelt barnehage (Bae, 2006, s. 11).

Barna sin rett til å medverke er komplekst og ikkje noko som skal ligge ved sidan av det ordinære arbeidet i barnehagen, og det er ikkje noko ein gjer ferdig på ein dag. Arbeidet med dette må sjåast i ei heilheitleg samanheng. Kristoffersen (2006, s.77) skriv «*kunnskap og erfaringer må bli som redskap og byggeklosser til genuin interesse og praksis for medvirkning*».

2.3 Vaksenrolla

Som tidlegare nemnt er barn sin medverknad ein rettighet i følgje barnehagelova. Det er pedagogen sitt ansvar at alle barna får delta. «*Å la barna medvirke krevur kunnskap, ydmykhet og nærvær frå voksnes side til det beste for enkeltbarn og kollektivet*» (Eide & Winger, 2006, s. 29). Dei skriv og om dei stille barna som

ikkje ropar høgt og ikkje er like synlege som dei andre. Dei vaksne i barnehagen må vere bevist på dette slik at alle har like stor rett til medverknad (2006, s. 40).

Likeverd er eit ord som står sentralt i samfunnet vårt og i barnehageverksemda. Dei som jobbar i barnehagen og barna er likeverdige som menneske. Personalet har likevel mykje meir makt og ansvar, noko som gjer at forholdet dei imellom blir asymmetrisk. Barnehagen er ein institusjon med eit mandat, eit regelverk og retningslinjer som gir forpliktingar til personalet om å opptre profesjonelt og ansvarsfullt. Det er naudsynt at personalet reflektera over korleis dette asymmetriske forholdet kjem fram i deira måte å vere i lag med barna på (Eide & Winger, 2006, s. 30). Som vaksen må ein finne ein balansegang mellom det å vere ein ansvarleg vaksen, samt våge å gje slepp på kontroll og struktur. Slik kan ein vere open for barna sin medverknad. Denne balansegangen vil nok stadig vere i endring (2006, s. 30).

Dei vaksne i barnehagen er ofte flinke til å snakke *til* og *om* barna. Kari Pape (2001, s. 109) meiner at dei vaksne ikkje alltid er like flinke til å snakke *med* barna. Ho skriv vidare at barn altfor skjeldan opplever dialog med vaksne, der dei tar seg tid til å sette seg ned å aktivt lytte til barna. Barna bør få lov å komme med det dei har på hjarta, få lov å snakke ferdig og oppleve at dei vaksne viser interesse for det dei vil meddele. Pape skriv og om Bae (1993) som er opptatt av relasjonane mellom vaksne og barn. Ho hevdar at barna sine forsøk på å dele sine opplevingar med oss vaksne, kan vere utfordrande. Barna veit aldri kva reaksjonar dei får. Dei kan ofte bli missforstått, oversett, avvist eller invadert. Pape er og inne på «tidsklemma» som barna opplever både heime og i barnehagen. Ho skriv at vi lever i eit samfunn som er prega av mangel på tid. Noko av det viktigaste vi kan gi barna i barnehagen er difor av vår tid. At vi har tid til å sette oss ned når barna kjem å vil fortelje. Dette kan vere vanskeleg, men Pape meiner at mykje kan skuldast dårleg organisering. Viss dei vaksne greier å legge dagen opp på ein litt anna måte, kan ein i større grad få tid til kvart enkelt barn. Slik kan barna få ein følelse av at vi faktisk er interessert i kva dei har å seie (Pape, 2001, s.114-115). Pape er også inne på det å vere «ekte» og tydelege vaksne. Ho seier at å sette grenser for barna i barnehagen er ein del av den tydelege vaksenrolla. Det er, og har vore fleire debattar rundt grensesetting, Pape meiner at det er viktig å understreke at å setje grenser får barna er ein nødvendig del av oppdragelsen. «*Barn er kompetente, men de er ikke i stand til selve å finne ut hva som er fornuftige grenser i enhver situasjon*» (2001, s. 123). Ho skriv vidare at det er viktig at ein i barnehagen tenkjer over kva grenser ein set for barna og kvifor ein set desse. Grensene vi set for barna skal vere teikn på omsorg. Hensikta med grensene er at barna etter kvart skal sjølv greie å trekkje konklusjon om kva som kan vere lurt og mindre lurt å gjere.

Mørkeseth hevdar at medverknad kan praktiserast gjennom å gi barn moglegheiter til å undre seg. Barna lærer gjerne betre av å kunne prate fritt og komme med eigne synspunkt, utan at ein vaksen prøvar å legge

ord i munnen på dei. Ho meiner at dei vaksne bør ha eit bevisst forhold til barn sin undring i medverknad (Mørkeseth, 2012, s. 33-34).

2.4 Samtalar og samspel i måltidssituasjonar:

Bae (2009) tek for seg moglegheitene for medlæring som måltidet sine samspelssituasjonar kan romme i si forskning. Bae skilje mellom samspel av ulik kvalitet. Ho deler dei i to mønster; *romslege* og *tronge* mønster. *Romsleg* er den kategorien som gir rom for barn si deltaking og medverknad. Gjennom å utrykke seg, bli sett og møtt ut i frå sine eigne forutsetningar. Kjenneteikna ved dette mønsteret er lyttande samspelsmåtar som har ei fokusert merksemd, mottakelegheit, eit forsøk på å forstå og vilje til å tolke frå den vaksne si side (Bae, 2009, s. 4-5). I motsett retning finn ein *tronge* mønster. Bae meiner då at pedagogen sitt samspel held fokus på det rasjonelle eller på fakta. Samspela er då prega av forventningar om bestemte svar utifrå pedagogen sine perspektiv, meir enn å leggje vekt på barna sin forståelse og meiningar. Pedagogane kan då vere så opptatt av eigne intensjonar at dei blir mindre observante når det gjeld barna sin innspel og opplevingar, og at dermed barna sin medverknad blir avgrensa (Fennefoss & Jansen, 2013, s. 140).

Drugli har gjort eit studie der ho har analysert videoopptak av lunsjsituasjonar i fleire barnehagar. Formålet med studien var å undersøke samspelet mellom personalet og barna. Studien viste at det var få positive samspelssekvensar i måltida i dei ulike barnehagane. Det dei ofte opplevde var at barna sat stille og åt, utan å prate med verken barn eller vaksne. Drugli og kollegane såg at måltida ofte var dårleg organisert, der personalet enten gjekk mykje til og frå, eller byta plass undervegs. Det hende også at ikkje personalet sette seg ned i det heile. Det blir då ikkje lett å kommunisere å fange opp signal frå barna. Vidare seier Drugli at ein kan vinne mykje berre ved å ta nokre organisatoriske grep, men det er sjølvstundt ikkje alt. Personalet må vere bevist si rolle under måltidet. Drugli drar og fram at det var svært mange av dei vaksne som ikkje utnytta moglegheitene rundt måltidet til å dra i gang samtalar og øve på språk. «*Barn kan lære masse når de sitter rundt et bord, for eksempel ved at de vaksne setter ord på det som skjer rundt de andre barna eller forteller kva maten heter*» (Sandgrind, 2016). Drugli meiner og at personalet i enkelte barnehagar må reflektere over kvaliteten i måltida sine og ho er glad for at rammeplan (2017) har fokus på dette.

2.5 Måltidssituasjon

Det er ei nødvendighet at barn føler seg trygge og trivast ved måltidet, slik at måltidet kan brukast aktivt i pedagogisk samanheng. Ved ein måltidssituasjon kan barn utvikle både språk og sosiale ferdigheiter. Barn lære og mykje anna ved og rundt måltida. Dei dekkjer og tar av bordet, sender mat til kvarandre, forsyner seg av maten sjølv, smørjer sin eigen mat og et med bestikk (Korsnes, 2014, s. 83). For at barna skal føle seg trygge og trivast ved måltide skriv Glaser om at «*måltidet handler om å skape noen trygge og gode rammer for samværet*» (Glaser, 2017, s. 44). Han legg til at måltidet har faste rammer, desse kan vere med på å gi

barna trygghet og gjenkjenning. Samtidig som ein og må passe på at desse rammene er romslige nok slik at barna sine uttrykk får spelerom.

Medverknad er noko som alle barnehagar bør inkludere i alle aktivitetar, også i matlaging. Helland og Øverby skriv at det ligg eit stort potensiale her. «*Medvirkning i matlaging vil kunne være gunstig for fremtidig helse og livskvalitet for det enkelte barn*» (Helland & Øverby, 2017, s. 57). Når barn får vere med å delta i matlaging vil dei få forståelse for korleis maten blir laga, dei lærer sjølv å lage mat og dei blir trygge på ulike matrettar. Dei kan utvikle større matglede og kanskje tørr dei å smake på forskjellig mat. Dersom barn får vere med å medverke i matlaging vil det føre til ei framtidig betre helse (2017, s. 59).

3. Metode

Med utgangspunkt i problemstillinga tenkjer eg det kan vere naturleg å velje intensive og kvalitativ design (Jacobsen, 2017, s. 55-56). For å gå i djupna på eit tema, krev det at eg vel ei open tilnærming som er nær knytt til kvalitativ metode, det vil då vere naturleg å velje få einingar. Jacobsen definerer kvalitativ data med at dette er data i form av ord, setningar og uttrykk. Måten slik data blir samla inn på er gjennom samtalar med menneske, eller det kan vere andre former der menneske kan uttrykkje seg munnleg eller skriftleg. «*Å samle inn kvalitativ data- ord- kalles ofte åpen metode, der undersøkeren forsøker å legge så få føringer som mulig på den informasjonen som samles inn*» (2017, s. 56). Det er viktig å unngå å ha ei for klar oppfatning av kva ein vil ha svar på. Det vil då vere lett å finne dei svara ein vil ha.

3.1 Kvalitativ intervjuundersøking

Eg har valt å bruke kvalitativ intervjuundersøking i datainnsamlinga mi. Eg har valt intervju i staden for spørjeskjema. Ved spørjeskjema er spørsmåla relativt lukka og informasjonen som blir samla inn er definert i mykje større grad av undersøkaren (Jacobsen, 2017, s. 163). Kvalitative intervju kan gjennomførast med enkelt individ eller gruppe. Eg har valt å gjennomføre individuelle intervju, dette fordi ein ein-til- ein relasjon ofte er eit god utgangspunkt for å skape tillit, og som igjen kan føre til at informant viser stor openheit. Dei individuelle oppfatningane til informanten vil og komme klarare fram, enn i eit gruppeintervju (2017, s. 89). Kvale og Brinkmann (2018, s. 169) skriv at ein intervjuguide bør utformast med ei reflektert tilnærming til den kunnskap som blir søkt etter. Intervjuforma eg har valt i intervjuguiden er open, men har ein grad av struktur ved at eg har tema og ei liste med spørsmål og oppfølgingsspørsmål. Spørsmåla eg stiller er i ei fast rekkefølge, men har rom for opne svar (Jacobsen, 2017, s.90). Før eg tok til med intervjuguiden var det helt sentralt at eg hadde sett meg inn i teori rundt tema eg hadde valt å undersøke. Dette var viktig for at intervjuguiden skulle skape eit godt grunnlag for tilførsel av kunnskap (Kvale og Brinkmann, 2018). Ein slik guide er nyttig å ha for å greie å halde ein god struktur i intervjuet. Men og for å halde flyt i samtalen å komme inn igjen på om ein er komme ut på «vidda». Det er nytta den

same intervjuguden til alle informantane. Spørsmåla som eg stiller i intervju omhandlar blant anna kva og korleis dei pedagogiske leiarane gjer det rundt barna sin medverknad i forbindelse med forarbeid og gjennomføring av mat og måltid. Kva moglegheiter og utfordringar dei ser i forhold til å jobbe med barna sin medverknad. Her vil eg prøve å få fram deira tankar, meiningar og erfaringar.

3.2 Utval

Å ta eit utval er vanskeleg i ei undersøking, og ein kan skjeldan undersøke alle ein skulle ønskje (Jakobsen, 2017, s. 113). Utvalet avgrensa eg til 3 barnehagar i nærområdet av praktiske årsakar. Utvalet i undersøkinga består av tre pedagogiske leiarar frå dei tre ulike barnehagane. Ein kan nok ikkje sei at dette utvalet er representativt for alle barnehagane i nærområdet, men viser gjerne eit mønster, trend eller situasjon.

3.3 Etske betraktningar

Dei transkriberte intervju blir sletta og makulert når oppgåva er ferdig og sensuren er satt. Alle informantane fekk eit informasjonsskriv i forkant av intervjuet og dei måtte alle gi eit skrifteleg samtykke til å delta i oppgåva (vedlegg 1). Informantane har også moglegheit til å trekke seg om ønskeleg, heilt fram til levering av oppgåve. Personlege opplysningar om informantane og barnehagane blei behandla konfidensielt. Barnehagane og informantane blir framstilt som P1, P2, og P3. Alle opptak og lydfiler frå intervju blei sletta straks etter transkripsjon. Dei tre informantane fekk og moglegheit til å lese dei ferdige intervju før dei blei tatt i bruk vidare i oppgåva.

3.4 Korleis blei intervju utført?

Intervju blei gjennomført i informantane sin barnehage i arbeidstida deira. Intervju blei i barnehagane utført på lunsjrom, møterom eller kontor. Det vil sei at intervju blei holt i kjende omgjevningar, noko som var bevist for at informantane skulle føle seg trygge og avslappa. Eg starta med å presentere meg og fortelje litt om studia og oppgåva mi. Vidare valde eg å begynne med introduksjonsspørsmål rundt utdanning, barn o.s.v. Vidare gjekk eg nærare inn på tema kring problemstillinga. Varigheita til intervju var mellom 35-60min.

3.5 Transkripsjon

Alle intervju blei transkribert etter lydopptak, kort tid etter at intervju var over. Det blei gjort for å vere sikker på at alle opplysingar og detaljar frå intervju skulle bli så riktige som mogleg. Etter intervju blei det gjort eit refleksjonsnotat, for å notere litt om stemninga og atmosfæren i intervjuet (Kvale og Brikmann, 2018, s. 204-205). Dette fordi visuelle uttrykk som kroppsspråk, ansiktsuttrykk ikkje kjem fram under lydopptak. Transkripsjon gjer det innsamla materiale ein strukturert form slik at det blir lettare å starte analyse av materialet (2018, s. 206). Transkripsjon blei gjort mest mogleg ordrett.

4. Resultat

I denne delen vil eg presentere dei mest sentrale funna frå dei tre intervjuja eg har gjort. Eg kjem ikkje til å presentere alle spørsmåla frå spørsmålsguiden, men eg vil trekkje ut dei eg ser på som mest vesentleg for problemstillinga mi. Eg ønskjer å presentere funna frå undersøkinga fordelt på dei tre kategoriane i spørsmålsguiden min. Praktisk informasjon, måltid og medverknad. Hovudfokus er spesielt på medverknad. Her vil eg ta for meg alle spørsmåla. I dei to første kategoriane viser eg eit samandrag frå kvar informant. Dei tre informantane vil bli ordna med namn; P1, P2 og P3. Alle informantane er utdanna barnehagelærarar. Dei har frå 5-23 års arbeidserfaring. Avdelingsstørrelse er noko ulik på dei tre informantane. P1 er pedagogisk leiar på ei avdeling med 18 barn frå 3-5 år. P2 har 19 barn frå 3-5 år, medan P3 har 8 barn mellom 1-5 år.

4.1 Praktisk informasjon

I barnehagen til P1 er det fellesfrukost som blir laga av dei tilsette. Dei har og ein kokk som er tilsett i 60 % stilling som lagar lunsj tre dagar i veka saman med barna. P1 seier ho er med å lagar lunsj to dagar i veka. P1 peikar på at det her er mange område for læring og medverknad, og ho meiner at det skjer mykje positivt med barna i desse situasjonane. Ungane bidrar med tillaging av måltidet, på dekking og opprydding. P1 trekk òg fram bursdagsfeiring. Der har dei ein perm med ulike måltid som barnet kan få velje mellom. Og barnet får vere med å lage til.

I barnehagen til P2 har dei niste med seg til frukost. Det blir laga lunsj på kvar avdeling. Alle dei tilsette lagar mat på rullering. Ein gong i veka har dei varmmat, der dei legg opp til at borna skal vere deltakande i prosessen. *«Vi er ikkje flinke til å la barna vere med å bestemme varmmat, og det er ikkje all mat som eignar seg for barn å tilberede. Men bursdagsbarnet bestemmer varmmat ved bursdagsfeiring. Pålegg regulera vi med å observere kva barna likar og et godt av. Til drikke får barna tilbod om to typar mjølk og vatn, dei styrer sjølv kva dei drikk.»* P2 seier at ordensvaktene får vere med å sei namnet på barna etter kvart som dei kan gå inn å setje seg.

I barnehagen til P3 er dei også niste som er medbrakt til frukost. Til lunsj dekker dei bord med brødsiver og pålegg, så smør ungane seg mat sjølve. Å dekkje på og tilberede maten gjer ordensvakta i lag med ein vaksen. Alle barna ryddar kopp, fat og kniv inn i vaskemaskina, resten av oppryddinga tek dei vaksne seg av. Innkjøp av mat får barna nokre gonger vere med på. Det blir og servert varmmat 2 gonger i månaden og barna er delaktive i tilberedinga. Nokre gonger er barna med å velje kva som skal bli laga. Ved bursdag bestemmer alltid bursdagsbarnet kva varmmat som skal serverast.

4.2 Måltidet

P1 seier at ho observerer mykje under måltida og i starten av året har ho stort fokus på å lære seg alle å kjenne. Dei deler inn i tre bord. Det eine bordet skal få greie seg litt meir sjølv, ha fokus på å hjelpe kvarandre. P1 fortel at ho ofte sit i mellom to bord for å observere dei som skal klare seg sjølv. Då er det viktig at ho veit at alle barna føler seg inkludert og sett. Om det er barn som ikkje er komfortable, greier dei ikkje å formidle det dei vil seie og dei et heller ikkje. Ungane må få sitte med nokon dei føler seg trygge på, men ikkje slik at dei berre skal få sitte med bestevennen sin. P1 presisera at dette blir det jobba veldig grundig og gjennomtenkt med i alle situasjonar i byrjinga av barnehageåret, slik at alle barna føler seg trygge. På spørsmålet om kva P1 ser på som si oppgåve ved måltidet svarer ho at ho skal hjelpe, rettleie og få gode samtalar rundt bordet.

P2 meiner at måltidet skal vere ei roleg stund med tid for prat og hygge. Barna må få ro og tid til å ete utan stress. Samtidig kan det ikkje dra for lenge ut, slik at det blir for lenge å sitje roleg for nokre. P2 er ikkje heilt nøgd med dei fysiske rammene rundt måltidet deira. Barna sit på benk noko som ikkje fungera optimalt for dei minste på avdelinga. Det kan vere vanskeleg for dei å sitte i ro på ein benk som er alt for høg. Oppgåvene barna får ved sjølv måltidet, er at dei blir oppmoda om å smørje maten sjølv, det blir sett fokus på å hjelpe kvarandre og dei blir rosa for det. Ordensvakta bestemmer kva bordvers som skal syngast. P2 ser på si viktigaste oppgåve ved måltidet å vere ein god samtalepartner, rettleiar og hjelpar.

P3 seier at målet er å ha ei roleg stund ved måltidet. Alle må få tid og fred til å nyte maten. Dei ynskjer å ha ein hyggeleg atmosfære der alle barn får delta i samtalen rundt bordet. Målet er at alle skal bli sett og høyrte. Dei har fokus på at dei vaksne skal delta i samtalanene i lag med barna og ikkje at dei vaksne berre pratar med kvarandre. Dei barna som kanskje treng tettare oppfølging i forhold til det sosiale får det. Dei fysiske rammene i barnehagen til P3 fungera bra. Dei sit på små stolar som er tilpassa barna. Då blir det og lettare å halde armar og bein for seg sjølv. Barna har ulike oppgåver ved måltidet. Barna smørjer maten sjølv og vel det pålegget dei vil ha. Dei største heller mjølk sjølv. Dersom noko skal hentast på kjøkkenet får gjerne barn som har behov for å røre litt på seg, lov til å hente dette. Dei har og fokus på å hjelpe kvarandre å sende. P3 ser på si viktigaste oppgåve ved måltidet å bidra til at alle barn får delta i samtalen ved bordet. Lære bordskikk til dei barna som treng det.

4.3 Medverknad

«Kva legg du i omgrepet barn sin medverknad ved måltidsituasjon? Og korleis jobbar du med dette?» P1 meiner dette heng saman med at barna skal få vise litt av seg sjølv. Nokre viser veldig mykje av seg sjølv, medan andre ikkje får vist så mykje. P1 seier at det er hennar oppgåve å prøve å få det «stille barnet» til å vise meir av seg sjølv og hjelpe det fram. Vidare seier P1 at det er dei vaksne sitt ansvar at alle barn får vere med å medverke. Det er og viktig at dei vaksne ikkje berre høyre på det som blir sagt, men prøver å tolke

kva det er barnet eigentleg prøver å fortelje. For eks. via kroppspråket deira. Nokre ungar som er redde, usikre eller føler seg krenka, greier kanskje ikkje å fortelje dette gjennom ord, og ein må då vere god å observere og lese det på kropp språket deira. P2 meiner at dette handlar om aktiv deltaking i sjølve måltidet. At dei får smørgje maten sin sjølv og velje kva dei vil ete, og kor mykje. At dei er aktive i tillaging av mat og at barna bør få vere med å bestemme kva som skal vere på bordet. Dei bør få vere med å styre samtalen rundt bordet og vere medskapande i den sosiale delen av måltidet. At dei får velje kor og kven dei vil sitte med. P3 svarer det er viktig at barna får vere med å tilberede maten, fordi det er kjekkare å ete det ein har laga sjølv. Ho fortel at dei opplever at barna oftare vil smake på fleire av grønsakene når dei har vore med å skore dei opp. Barna får bestemme kva pålegg dei vil ha og dei får vere med å bestemme kor mykje dei vil ete.

«Kva moglegheiter og utfordringar ser du i samband med barn sin medverknad i måltidssituasjonar?» P1 svarar at barn sin medverknad kan tolkast på mange forskjellige måtar. Det merkar ho blant tilsette i sin barnehage. Dei diskutera med jamne mellomrom temaet på teammøter. Sånn som dagens barn kan vere, med litt for lause og ustrukturerte grenser heime, er det viktig at vi i barnehagen rettleiar dei og set grenser. P2 kunne ønskje at ho la endå meir til rette for barna sin medverknad ved å la dei kunne velje meir kva som blir servert og kor dei skal sitje. Utfordringa er at ein jobbar med at barna skal ha eit sunt kosthald og ete variert. Ho seier vidare at ved å kunne velje fritt kor dei skal sitte ved måltidet kan prinsippet om inkludering stå i fare, fordi det alltid er nokre born som er meir populære enn andre. Ved nokre «kombinasjonar» blir det litt mykje uro, men som sikkert er kjekt for barna. P3 meiner den største utfordringa i all hovudsak er tid. Det tek meir tid når borna skal vere med i prosessen. Det å tilbrede eit måltid saman, kan vere ein god arena for å skape gode relasjonar til dei andre barna og den vaksne.

«Kvifor det er viktig at barn får vere med å medverke i matlaging og aktivitetar rundt måltidet?». Alle informantane er einige om at det er mykje læring i det å kunne medverke i måltidet. Blant anna bruk av reiskap, vente på tur, bordskikk, språkferdigheiter og hygiene. Måltida er ein god arena for samarbeid.

«Har de i barnehagane spesielle reglar rundt måltidet som kan begrense barna sin medverknad?» I P1 sin barnehage skal barna sitte i ro på stolen, og begrense kor mykje ein forsyner seg slik at alle får. P1 seier at ho prøvar å unngå å kjefta om det blir for mykje uro. Då fortel ho heller noko spennande, og då blir det som regel stille. «Det gjeld å ha noko ein kan dra opp av armen sin». P2 meiner at det handlar meir om at personalet ikkje ser alle høve til at borna kan medverke, heller enn begrensande reglar. Ein regel som gjaldt tidlegare var at alle måtte ete ei skive før dei fekk velje knekkebrød. Dette var ein fremmande tanke hjå ho, så no er den endra og barna får styre sjølve kva dei et. Dei skal likevel ete opp det dei har på tallerken før dei får meir mat. P3 svarer at dei har to reglar, ein skal sitte i ro ved måltidet og det skal vere roleg. Ho

meiner dette ikkje begrensar medverknaden. Ordenseleven er med og tilberede å dekkjer bordet. Dersom det hadde vore med eit barn til, ville dei gjerne kunne spele på kvarandre sine idear og utspel.

«På kva måtar barna får vere med å påverke det som blir servert?» Alle informantane svarar at dei vaksne følgjer med på kva barna likar. P3 seier i tillegg at barna nokre gongar får vere med å velje kva varmmat som blir servert. Barnehagen har nokre gonger i året ansvar for kantina på småskulen. Borna er då med på heile prosessen med å komme med forslag til mat, stemmer over kva ein skal lage, handle inn, lage maten og selje den til elevane. Etterpå får dei også ete maten sjølve.

«Korleis føler du dei andre i personalgruppa jobbar rundt barna sin medverknad?» P1 og P2 seier dei som jobbar på same avdeling ofte er einige. P1 seier det likevel kan vere gonger der ho føler at ikkje alle har same interessa for å få det til. P2 opplever at dei møter barna på ein måte dei har utvikla gjennom refleksjon og faglege diskusjonar. P3 seier at dette er eit emne dei kan arbeide meir med, og bli flinkare til å sjå mogelegheitene i. Ho trur at dei kan ha ein tendens til å la kvardagens jag føre til at ein ikkje tar barna med og lar dei påverke nok. Ho opplever også at det i ein barnehage der dei har born frå 1-6 år kan vere vanskelegare å tilpasse, fordi det er stor forskjell på kva ein 1 åring kan bidra med og korleis ein av dei eldste kan medverke.

5. Drøfting

5.1 Praktisk informasjon

Både P1 og P3 er opptatt av at barna er med på det meste ved måltidssituasjonane. P2 seier at dei ikkje alltid er flinke til å la barna medverke. Vidare meiner ho at ein del av maten er lite eigna til medverknad frå borna, og at dei vaksne tek seg av oppryddinga. Eg tenkjer at barna går glipp av nyttig læring når dei ikkje får delta i alle sider ved måltida. Sett utan ifrå ser ein likevel at barna er med på å medverke i måltidssituasjonen også i barnehagen til P2. Dette indirekte for eks. når dei vaksne vel pålegg ut i frå kva dei veit at barna likar. Dermed er det noko medverknad i denne barnehagen som pedagogen ikkje har tenkt bevisst over. Kunne det likevel ha vore hensiktsmessig for barnehagen til P2 å velje mat som eignar seg for barn å kunne tilberede? Helland og Øverby (2017, s. 57-59) skriv at medverknad er eit sentralt emne som også bør vere inkludert i mat og matlaging. Medverknad i matlaging kan vere gunstig for framtidig helse og livskvalitet for enkelte barn. Barn vil også lære meir om korleis mat blir laga, dei lærer sjølv å ete maten og blir trygge på ulike matrettar. Dei opplever mestring. Ein kan oppleve at barn utviklar større matglede og kanskje tørr å smake på forskjellige typar mat. På den andre sida er eit anna positivt argument at dei kan få meir respekt for maten og det blir kasta mindre mat.

5.2 Måltidet

P1 har stort fokus på at barna skal føle seg trygge, inkludert og sett når dei sit å et. P3 legg òg fokus på dette. P2 derimot legg i første omgang vekt på at barna skal få ro og god tid ved måltidet. Ein av hovudmomenta P1 har fokus på er at barna skal føle seg trygge og trivast ved måltidet. Dette er noko som Korsnes (2014, s.83) støttar. Han skriv at dette er ei nødvendigeheit for at måltidet kan brukast aktivt i pedagogisk samanheng. Ved ein måltidssituasjon kan barn lære mykje, blant anna utvikle språk og sosiale ferdigheiter, men også meir praktiske ferdigheiter som å dekke og ta av bordet, sende mat til kvarandre, forsyne seg av maten sjølv, smørje sin eigen mat og ete med bestikk. Dersom barna ikkje føler seg trygge ved måltidet vil dei kanskje ikkje få desse gode læringseffektane som Korsnes skriv om. P1 fortel og at dersom barna ikkje føler seg trygge ved måltidet får dei heller ikkje i seg den maten dei treng for å ha ein aktiv dag i barnehagen. Vidare legg P3 vekt på at barna skal bli sett og høyrte. I barnehagen kan ein ikkje berre høyre på kva barna uttrykkjer og seier verbalt, men ein må også vere merksame på kroppsspråket. Dette er svært viktig hos dei minste barna, men ein må også legge vekt på dette hos dei eldste. I barnehagen har ein ofte barn som snakkar høgt og har mykje på hjartet. Det er viktig at ein høyrer på kva desse har å sei, men på den andre side må ein ikkje gløyme dei «stille barna». Eide og Winger (2006, s. 40) skriv om barna som ikkje er like synlege og sjølvhevdande i barnehagen. Dei peikar på at dette kan vere ei utfordring for pedagogen og at pedagogen må gi desse barna like stor rett til å medverke på sine premisser. Viss pedagogen derimot ikkje greier å sjå alle barna i gruppa si like godt, vil det kunne vere katastrofalt for dei barna som ikkje blir sett og høyrte. Bae skriv og om dette i *temahefte om barns medverknad*. Ho skriv at dei vaksne skal ivareta barna som subjekt ved å lytte, legge merke til og samspele med barna (Bae, 2006, s. 13).

Alle informantane drar fram viktigheita av dei gode samtalan rundt bordet. Her kan det vere sentralt å dra inn forskinga til Bae *Samspill mellom barn og vaksne ved måltidet*. Her tenker eg at alle informantane er under det som Bae kallar romslege samspelsmønster. Eit mønster som gir rom for barna si deltaking og medverknad. Mønsteret referera og til samspel der barna får rom til å utrykke seg, bli sett og møtt ut i få eigne forutsetningar (Bae, 2009, s. 4-5). I tronge samspelsmønster, er pedagogane derimot mindre observante når det gjeld barna sine innspel og opplevingar. Barna sin medverknad blir dermed avgrensa (Fennefoss & Jansen, 2013, s. 140). Det vil då vere færre moglegheiter for dialog og kommunikasjon. P3 legg vekt på at ho må bidra til at alle barna får delta i samtalen rundt bordet. Dei vaksne har ei viktig oppgåve som kanskje ikkje alltid er like lett å utføre. Det krev då at den vaksne har lyttande samspelsmåtar, ei fokusert merksemd og mottakelegheit. Og er villig til å forstå og har ein vilje til å tolke innspel frå barna (Bae, 2009, s.4-5). Under samtalar er det ikkje kunn medverknad som blir ivaretatt, men det blir òg skapt gode relasjonar noko som Pape (2001) legg vekt på. I tillegg nemner Pape (2001, s. 109) at dei vaksne i barnehagen ofte er flinke til å snakke *til* og *om* barna. Men ho meiner at dei vaksne ikkje alltid er like flinke til å snakke *med* barna. Vidare meiner ho at barn altfor skjeldan opplever dialog med vaksne, der dei tar

seg tid til å sette seg ned å aktivt lytte til barna. Ut frå svara eg fekk frå informantane tenkjer eg at dei alle har gode refleksjonar angåande barna sin medverknad i det sosiale rundt bordet.

P1 og P3 peikar også på viktigheita av å hjelpe og rettleie barna. Bae skriv om samspel. Der det blir vist respekt for barna sitt initiativ og kunnskap, samtidig som den vaksne bidrar, får både aktivt deltakande barn og observerande barn erfare korleis ein dialog forgår. I tillegg til at dei lærer om innhaldet i samtalen. «*I samarbeid fokusert på mat og drikke kommer det frem at barnas stemmer blir hørt, på linje med at de må innrette seg etter førskolelærer sin veiledning, noe som kan legge grunnlag for læring om medvirkning i et sosialt felleskap*» (Bae, 2009, s. 13). På den andre sida er det viktig at den vaksne ikkje alltid tek den leiande rolla, og at barna får lov til å utforske på eiga hand. Dei vaksne kan synst det er vanskeleg å tørre å gje slepp på kontroll slik at ein er open og mottakeleg for barna sin medverknad (Eide & Winger, 2006, s. 30). Dette jobbar P1 bevisst med når dei fordelar barna på bord der dei må klare seg mest mogleg på eiga hand. Dette blir støtta av Mørkeseth (2012, s. 33-34) som seier at medverknad kan praktiserast gjennom å gi barn moglegheiter til å undre seg og at det er viktig å la dei få moglegheiter til å utforske på eiga hand.

I barnehagen til P1 jobbar dei systematisk med dei fysiske rammene frå oppstart på hausten, og dei ser ann barnegruppa. P3 er også fornøgd med dei fysiske rammene rundt måltida sine. P2 derimot er ikkje heilt nøgd. Konkrete aspekt er nærare beskrive under avsnitt 4.2; Måltidet. Barna sit på benk noko som ikkje fungera optimalt for dei minste på avdelinga. Det kan vere vanskeleg for dei å sitte i ro på ein benk som er alt for høg. Drugli har i sin studie sett at måltida i mange barnehagar er dårleg organisert. Ho opplevde at personalet anten gjekk mykje til og frå, eller byta plass undervegs i måltida. Det hende også at personalet ikkje sette seg ned i det heile tatt. Drugli meiner at dersom personalet nesten ikkje får tid til å setje seg ned, vil det då ikkje vere lett å kommunisere å fange opp signal frå barna. Det blir dermed og vanskeleg å praktisere barna sin medverknad (Sandgrind, 2016). Eg tenkjer for det første at å tenkje nøye gjennom korleis ein plassera barn er viktig. For det andre er det viktig at barna sit komfortabelt på passelege stolar eller benkar. Ein bør nok også brukar små bord der det ikkje er for mange barn rundt kvart bord. Sist men ikkje minst er det viktig at ein plassera dei vaksne på ein hensiktsmessig måte slik at dei barna som treng det får ekstra oppfølging og hjelp. Noko som P3 nemner; «dei barna som kanskje treng tettare oppfølging i forhold til det sosiale får det».

5.3 Medverknad

Når eg stiller spørsmål om kva dei ulike informantane legg i omgrepet «barna sin medverknad ved måltidsituasjon» får eg noko forskjellige svar. P1 meiner at det må vere at barna skal får vise litt meir av seg sjølv. Alle skal få vere med å medverke. P2 tenker meir konkret rundt dette. Ho meiner at det er barna sin aktive deltaking i sjølve måltidet og at dei får vere med å styre samtalen rundt måltidet. Noko som også kjem fram i svaret til P3. Alle svara går ut på mykje av det same, men P1 tenkjer kanskje medverknad i eit

litt «større» perspektiv. Avhengig av kva ein legg i omgrepet kan det vere ulike utfordringar knytt til det. På den eine sida kan ei for «vid» oppfatning av omgrepet føre til at det blir for vagt og uforpliktande for dei vaksne. Det blir ikkje konkret nok til at ein klarar å sette det ut i praksis. På den andre sida kan det òg vere knytt utfordringar til ei for einsidig vektlegging på barna sin medverknad. Ein konsekvens av det kan vere at barn blir tvungne til å bestemme når dei er ubestemte, og dermed ikkje får lov å utrykke usikkerheit. Ein anna konsekvens kan vere at dei blir stilt til ansvar for val dei har tatt og som eigentleg ligg langt «over hovudet» på dei (Bae, 2006, s.8-9).

Dei blei vidare spurde om kva moglegheiter og utfordringar informantane ser i samband med barn sin medverknad i måltidssituasjonar. P1 meiner at barna sin medverknad er utfordrande fordi omgrepet kan tolkast på mange måtar. Det kan på den eine sida kanskje forklarast med dei vaksne sine oppfatningar, sjølvforståelse og haldningar til barn. Bae (2006) skriv at det kan vere utfordrande å sjå på barn som subjekt med rett til medverknad. Det kan henge saman med at alle er ulike individ med ulike utgangspunkt. Ein pedagogisk leiar må legge til rette for at dei tilsette skal få ha eigne meiningar og jobbe deretter. På den andre sida krev medverknad at dei tilsette evnar å ta i mot rettleiing og samarbeide godt. Det er viktig at alle er samkøyrd for å nå eit felles mål. Rammeplanen (2017) nemner og under medverknad at våre haldningar og væremåtar for korleis vi skal samhandle, korleis vi skal lytte og respektere kvarandre er sentrale punkt.

På spørsmålet om kvifor det er så viktig at barna får medverke i matlaging og aktivitetar rundt måltidet, er det hjå informantane fleire moment som kjem fram. Alle informantane understreker at det er mykje læring rundt måltidssituasjonen. Vidare kjem det fram at det er viktig å få bidra. Som P2 nemner at dei får oppleve meistring ved å lage til maten, dekkje på og gjere det koseleg. Eit anna viktig moment som P2 drar fram er moglegheitene til å få lære å samarbeide gjennom å få vere med å bidra i lag med andre barn og vaksne. Som tidlegare nemnt drar Korsnes fram viktigheita av å bruke måltidssituasjonar aktivt i pedagogisk samanheng og peikar på dei mange gode læringsmoglegheitene som dette gir (Korsnes,2014, s. 83). Bae er inne på det med samarbeid og det å gjere ting saman. Ho nemner i *temaheftet om barns medvirkning* at «ved å legge vekt på virkningsaspektet kan begrepet forstås som å gjøre noe samen som fører til noe» (Bae, 2006, s. 8).

Måltid handlar om å skape trygge og gode rammer for samvær. Difor var eit av spørsmåla i intervjuguiden om dei i barnehagane hadde spesielle reglar rundt måltidet som kunne avgrense barna sin medverknad. P1 svarte at dei hadde få reglar, men at ein må sitte på stolen sin. P3 nemner og det med å sitte i ro og at det skal vere roleg ved måltidet. På den eine sida kan alt dette vere med på å gi barn trygghet og gjenkjenning. Men på den andre sida må ein passe på at rammene blir romslige nok slik at barna sine uttrykk får nok spelerom. Ein kan i enkelte tilfelle oppleve at dei vaksne sitt behov for ro og orden under måltid kan komme i første rekke, slik at barna si utforskartrøng og kreative innspel til samtalar kan komme i andre

rekke. Det kan difor vere nyttig å gjere personale beviste på sin praksis rundt måltid, og diskutere korleis desse praksisane eventuelt kan vere med å hemme barna sin medverknad. Likevell meiner Pape at barn treng «ekte» og tydelege vaksne. Det å sette grenser for barna i barnehagen er ein del av den tydelege vaksenrolla. «*Barn er kompetente, men de er ikke i stand til selve å finne ut hva som er fornuftige grenser i enhver situasjon*» (2001, s. 123). Reglar og grensesetting krev difor at ein diskuterar og blir einige. Ein må i kvar enkelt barnehagen tenkje over kva grenser ein set for barna og kvifor ein set desse. Grensene vi set for barna skal vere teikn på omsorg hevdar Pape. P1 er også inne på dette i eit tidlegare spørsmål der ho seier at «sånn som dagens barn kan vere, med litt for lause og ustrukturerte grenser heime, er det viktig at vi i barnehagen rettleiar dei og set grenser».

Det at barna får vere med å påverke det som blir servert kan vere ei form for medverknad. P1 meiner barna i hennar barnehage får det blant anna gjennom dei vaksne sin observasjon. P3 seier at i barnehagen prøver dei å vere lydhøyr om barna kjem med ønskje om kva dei vil ha. P2 derimot meiner at barna i hennar barnehage i for liten grad får vere med å påverke det som blir servert. Eg tenkje at ved at personalet lar barna få ha synspunkt på kva som blir servert, vil ein for det første i større grad oppleve at barna får i seg nok mat til dagens gjeremål. For det andre vil dei nok også lettare oppleve matglede og få gode erfaring med mat. For det tredje bør måltidet i barnehagen vere noko meir enn berre det å få i seg mat. Barna bør få oppleve at mat og måltid er ei tid for kos og hyggje. Dersom kosthald og matglede har ein sentral plass i barnehagen, vil barnehagen kunne vere ei viktig støtte og ressurs for å redusere foreldra si bekymring for om barnet deira får i seg den maten dei treng. I den forbindelse hevdar Helland og Øverby (2017, s. 59) at dersom barn får vere med å medverke i matlaging vil det føre til ei framtidig betre helse. Drugli er også inne på at mat og måltid må vere noko meir enn berre å få i seg mat. Ho meiner at personalet må vere bevist si rolle under måltidet (Sandgrind, 2016). Dermed må personalet i enkelte barnehagar reflektere over kvaliteten på medverknad under måltida sine, og Drugli understreker at ho er glad for at rammeplanen (2017) har fokus på dette.

Det siste spørsmålet som blei tatt opp var: Korleis føler informantane at dei andre i personalgruppa jobbar rundt barna sin medverknad? P2 opplever at personalgruppa hennar er ganske samstemt. Ho meiner at dette er ein måte å møte barna på som har utvikla seg gjennom refleksjon og faglege diskusjonar. Bae (2006, s. 11) seier at å jobbe med omgrepet medverknad i barnehagen inneber refleksjon og kritisk drøfting av praksisen ein har i barnehagekvardagen og at det ikkje finst snarveggar eller enkle grep. Ein må rette fokuset mot korleis forholdet er mellom vaksne og barn og korleis dette blir oppfatta og regulert i ulike situasjonar og kontekstar i kvar enkelt barnehage. Bae meiner og at sidan omgrepet medverknad ikkje er eit fagleg forankra og presist omgrep kan det oppfattast og tolkast på mange forskjellige måtar. Korleis kvar enkelt barnehage realiserer og oppfattar omgrepet kan variere (Fennefoss & Jansen, 2013, s. 124).

P3 derimot meiner at dette er eit emne dei kan arbeide meir med, og bli flinkare til å sjå moglegeheitene i. Ho seier og at det er fort å la kvardagens jag føre til at ein ikkje tar barna med og lar dei påverke nok. Vidare presiserer ho at dei i hennar barnehage er flinke å legg vekt på at ein må sjå ulikeheitene og tilpasse korleis ein tek med dei ulike borna. Dette støttar det Bae (2009) seier om at barn skal ha rom for å utrykke seg, bli sett og møtt ut i frå sine eigne forutsetningar. Samtidig kan ein sei at for å kunne møte barn slik at dei føler at det er rom for å uttrykke seg på eigne premissar, må barnehagepersonalet vere flinke til å reflektere over korleis ein skal forholde seg til dei ulike barna sitt mangfald av uttrykksformer. Pape er inne på «tidsklemma» som barna opplever, og som P3 meiner kan vere ein grunn til at dei ikkje tar barna med, og lar dei påverke nok. Pape hevdar at noko av det viktigaste vi kan gi barna i barnehagen er av vår tid. At vi har tid til å sette oss ned når barna kjem å vil fortelje. Dette krev dermed at barnehagane er gode å organisere resursane sine og greier å leggje dagane opp på ein god måte. Ein kan då i større grad greie å la barna vere med og ein får meir tid med kvart enkelt barn (Pape, 2001, s.114-115).

P1 kan fortelje at i hennar team er dei ofte samkøyrd, men at ikkje alle har same interesse for å få det til. Ho seier vidare at det kan vere eit problem viss ein dei av dei tilsette ikkje vil gjere ting på same måten. I mange barnehagar kan ein nok oppleve at dei ein jobbar i lag med har ulike meiningar og ulike menneskesyn. Ein kan òg oppleve at kompetansenivået på både medverknad, mat og måltid kan vere ulikt. Det kan då vere vanskeleg å komme til einigheit om korleis ting skal gjerast. Likevel er barnehagen ein institusjon med eit mandat, eit regelverk og retningslinjer som gir forpliktelsar til personalet om å opptre profesjonelt og ansvarsfullt (Eide & Winger, 2006, s. 30). Difor må ein tenkje at barn sin medverknad er naudsynt å reflektere over i fellesskap og sameinast om.

6. Avslutning med konklusjon

På grunn av tida eg hadde til rådighet og oppgåva sitt omfang valte eg å intervju tre pedagogar. Eg kan difor ikkje komme med ein konklusjon på korleis alle vaksne i ulike barnehagar jobbar rundt barna sin medverknad. Men det eg derimot kan sei noko om er korleis mine informantar tenkjer og jobbar med dette.

I denne oppgåva vil eg besvare problemstillinga: «Korleis jobbar dei vaksne med barna sin medverknad i måltidssituasjonar i barnehagen?»

Alle informantane seier at dei jobbar med barna sin medverknad gjennom å skape gode samtalar under måltida. Det er viktig at alle barna føler seg trygge og inkluderte. At alle kjenner seg sett og anerkjent. Dei understreker og at måltidet er ein god arena for barn sin medverknad i aktivitetar rundt måltidet. Det kan vere under matlaging, pådekking, opprydding og at dei får vere med på å bestemme kva som står på menyen. I alt dette er det mykje god læring og samarbeid.

Informantane seier at medverknad kan vere eit utfordrande omgrep som kan bli tolka på ulike måtar. Nokre tenkjer veldig konkret rundt medverknad medan andre tenkjer i eit større heilheitsperspektiv. Ein av informantane dreg fram at det kan vere ulike meiningar blant dei tilsette i hennar barnehage. Og at det difor kan vere vanskeleg å komme til einighet. I barnehagane til dei to andre informantane opplevde dei stort sett at dei var samkøyrde mtp. medverknad i måltidssituasjonar. Barna sin rett til medverknad blir ivaretatt gjennom vaksne som prøvar å forstå og som har eit menneskesyn der respekt for ulikheit ligg i botn.

Når eg ser på val av metode og gjennomføring av bacheloroppgåva mi, ser eg at det kunne vore hensiktsmessig å bruke observasjon av måltidssituasjonar som tilleggsinformasjon til intervjuet. Eller valt å kunn bruke observasjon. Eit anna alternativ kunne vere å sjå nærare på ein bestemt barnehage der eg intervjuet pedagogisk leiar for så å observere denne barnehagen. Då kunne eg sjå om svare eg fekk i intervjuet samsvarte med den faktiske praksisen.

Alle informantane har kome fram med mange ulike synspunkt og moment rundt barna sin medverknad i måltidssituasjonar. Dette er eit tema der det er vanskeleg å sette to strekar under svaret, men det er viktig at alle som jobbar i barnehage er bevisst rundt temaet. Eg har lært at ein kan jobbe med barna sin medverknad på mange ulike måtar og eg sit no igjen med ei mykje meir bevisst haldning rundt dette.

Litteraturliste:

- Aasen, W. & Wilhelmsen, B.U. (2017). Mat- og måltidsaktiviteter i barnehagen. Pedagogiske muligheter og utfordringer. I B.U Wilhelmsen (Red.), *Mat- og måltidsaktiviteter i barnehagen* (s. 23-34). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bae, B. (2006). Perspektiver på barns medvirkning i barnehagen. I B. Bae, B. J. Eide, n. Winger & A. E. Kristoffersen (Red.), *Temahefte om barns medvirkning* (s. 6-27). Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Bae, B., Eide, B. J., Winger, N. & Kristoffersen, A. E. (2006). *Temahefte om barns medvirkning*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Bae, B. (2009). Samspill mellom barn og voksne ved måltidet: muligheter for medlæring? *Nordisk barnehageforskning*, 2 (1), 3-15. doi:10.7577/nbf.246
- Bae, B. (2013). Barnehagebarns medvirkning. Overordnede perspektiver og internasjonalt forskning. I B. Bae (Red.), *Medvirkning i barnehagen. Potensialer i det uforutsette* (s. 13- 32). Bergen: Fagbokforlaget.
- Barnehagelova. (2005). Lov om barnehager av 17. juni 2005 nr 64. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>.
- Bjerke, L. (2008, 12. 02). Barns medvirkning – En pedagogisk praksis. Henta frå http://www.barnehageforum.no/showarticle.aspx?ArticleID=1045&fbclid=IwAR1HaRyWwKvKE_v09jWYclsqbTj7yzOm2EUO-0ateuodJqbQ4-YnlxOc1-A den 10.10.18
- Bjerke, L. (2010). Barns medvirkning. I Ø. Kvello (Red.), *Målsettinger, føringer og rammer for barnehagen* (s.189-210). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eide, B. J. & Winger, N. (2006). Dilemmaer ved barns medvirkning. . I B. Bae, B. J. Eide, N. Winger & A. E. Kristoffersen (Red.), *Temahefte om barns medvirkning* (s. 29-51). Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Fennefoss, A.T. & Jansen, K. E. (2013). Dynamikk og vilkår. Et spenningsfelt mellom det planlagte og barns medvirkning i barnehagens læringsaktiviteter. I B. Bae (Red.), *Medvirking i barnehagen. Potensialer i det uforutsette* (s. 123-145). Bergen: Fagbokforlaget.
- Glaser, Vibeke. (2017). Vilkår for måltidssamværet i barnehagen. I B.U Wilhelmsen (Red.), *Mat- og måltidsaktiviteter i barnehagen* (s. 35-45). Oslo: Universitetsforlaget.

Helland, S. H. & Øverby, N. C. (2017) Fremtidens barnehager – Økt fokus på barns medvirkning i matlaging i barnhagen. I B.U Wilhelmsen (Red.), *Mat- og måltidsaktiviteter i barnehagen* (s. 57-67). Oslo: Universitetsforlaget.

Helsedirektoratet (2007). *Retningslinjer for mat og måltid i barnehagen*. Henta frå <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/retningslinjer-for-mat-og-maltider-i-barnehagen> den 25.10.18

Jacobsen, D. I. (2017). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Korsnes, B. (2014). *Mat og helse*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Kristoffersen, A. E. (2006). En forskjell som må føre til en forskjell. Om barns medvirkning i planleggings- og vurderingsarbeid. Bae, B. (2006). I B. Bae, B. J. Eide, n. Winger & A. E. Kristoffersen (red.), *Temahefte om barns medvirkning* (s. 52-79). Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2018). *Det kvalitative forskningsintervjuet*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Moser, T. (2010). Syn på læring i barnehageloven og rammeplan. I Ø. Kvello (Red.), *Målsettinger, føringer og rammer for barnehagen* (s. 83-100). Oslo: Gyldendal Akademiske.

Mørkeseth, E. I. (2012). Læringskultur i barnehagen i møte mellom «folkelig» oppdragelsekultur og førskolelærerens fagkultur. I M. Alvestad (Red.), *Læringskulturer i barnehagen*. (s. 20-43). Oslo: Cappelen Damm AS.

Pape, K. (2001). «Æ trur dem søv» *Om aktive voksne og sosial kompetanse i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget AS.

Sandgrind, S. W. (2016, 01.11). De minste blir oversett under måltidet. Henta frå https://www.barnehage.no/artikler/de-minste-blir-oversett-under-maltidet/426445?fbclid=IwAR3SORPpHgh063nwLr_Kgoqnu0uCNkQpTWa_YCvTdepxvXBjLW1xW4gH5IA den 28.11.18.

Vedlegg 1: Samtykkeskjema**Problemstilling:**

Korleis jobbar dei vaksne med barna sin medverknad i måltidssituasjonar i barnehagen?

Førespurnad om deltaking til intervju

Hei. Eg heiter Solgunn Juklestad og studera siste året på barnehagelærarstudiet ved Høgskulen på Vestlandet. Eg skriv bachelor om tema barns medverknad ved måltidssituasjon og ynsker å intervju pedagogiske leiarar for å belyse temaet.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i denne studien, og ein kan trekkje seg så lenge studien pågår, utan å oppgi grunn. Ved spørsmål knytt til studien eller deltaking ta kontakt med meg på mob: 95745052 eller e-post: solgunnj@hotmail.com

Rettleiar

Min rettleiar er Hilde Alme. Ved eventuelle spørsmål kan ho kontaktast på hilde.alme@hvl.no

Datainnsamling

I denne studien ynsker eg å nytte intervju på mellom 45-60 minutt, for å få kunnskap og erfaringar frå pedagogiske leiarar. For at deltakarane sine meiningar skal bli så korrekte som mogeleg, ynskjer eg å nytte bandopptakar i intervjuet.

Personvern

Ved samtykke til denne studien vil deltakar bli garantert anonymitet. Alle data vert behandla konfidensielt og vil bli sletta etter at oppgåva er levert den 7. januar 2019. Undervegs er det berre rettleiar Hilde Alme og eg som har tilgang til datamaterialet og vi har begge teieplikt.

Med vennleg helsing

Solgunn Juklestad

Vedlegg 2: Intervjuguide**Problemstilling:****Korleis jobbar dei vaksne med barna sin medverknad i måltidssituasjonar i barnehagen?**

Fortelje litt om meg sjølv, studie og bakgrunn for oppgåva.

Introduksjonsspørsmål til informanten:

Kva utdanning har du?

Kor lenge har du jobba i barnehage?

Kan du fortelje litt om barnhagen og avdelinga di?

Praktisk:

Kan du fortelje litt om mattilbodet barna får hos dykk?

Korleis deltar du sjølv i arbeidet med mat og måltid på avdelinga?

Kor ofte blir det laga varm mat i din barnehage? Er barna delaktive i denne prosessen?

Måltidet:

Kva tenker du er viktig å fokusere på i høve dei sosiale rammene rundt måltidssituasjonar?

Korleis meiner du dei fysiske rammene skal vere omkring måltida?

Kva oppgåver får barna i måltidsituasjonar?

Kva ser du på som di rolle ved måltida?

Medverknad:

Kva legg du i omgrepet barns medverknad i samband med måltidssituasjon, og korleis jobbar du mot det?

Kva moglegheiter og utfordringar ser du i samband med barn sin medverknad i måltidssituasjonane?

Kvifor trur du det er viktig at barna får vere med å (delta) medverke i matlaging og aktivitetar rundt måltidet i barnehagen?

Har de spesiell reglar rundt måltidet og tenker du at desse kan vere med å avgrense barns medverknad?

På kva måte påverkar barna det som blir servert?

Korleis føler du dei andre i personalgruppa di jobbar rundt barns medverknad?

Er det andre ting kring temaet som du ønskjer å tilføre?